



LINDÅS KOMMUNE
REGULERINGSPLAN E39 ROMARHEIM - EIKEFET
Reguleringsføresegner

§ 1 GENERELT

Føremålet med planen er å regulere ny parsell av E39 frå Eikefet til Romarheim som tilfredstillar stamvegstandard.

Kryss med lokalvegssystemet ved Eikefet og Romarheim er med i planområdet.
Reguleringsplanen består av plankart, føresegner og teikningshefte datert 21.06.13
Det regulerte området er vist med plangrense på plankart. Det er 5 plankart (02, 03,08,09 og10) for vertikalnivå 2 og 6 plankart (01 og 03-1 til 07) for vertikalnivå 1.
Vertikalnivå 3 inngår i plankarta til vertikalnivå 2.
Nivå 1 – under grunnen
Nivå 2 – på grunnen.
Nivå 3 – over grunnen

Planen vil erstatte deler av disse reguleringsplanane:
- Eikefet og Urdal. Utviding av steinbrot (planID 1263-20110)

§ 1.1 REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsplangrensa skal nyttast til følgjande formål, jf. Plan- og bygningsloven (PBL) § 12-5:

- BYGNINGAR- OG ANLEGG (§ 12-5, nr. 1)**
 - Industri

- SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 12-5, nr. 2)**
 - Veg
 - Fortau
 - Gang- og sykkelveg
 - Anna veggrunn – tekniske anlegg
 - Anna veggrunn – grøntareal
 - Leskur/plattformtak
 - Parkering

- LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (§ 12-5, nr. 5)**
 - Landbruks-, natur- og friluftsmål, LNF

□ **BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (§12-5, nr. 6)**

- Naturområde i sjø med tilhørende strandsone
- Kombinerte formål i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (natur- og friluftslivområde)

§ 1.3 OMSYNSSONER

Innafor planområdet er følgjande omsynssoner fastsatt, jf. PBL § 12-6 og § 11-8:

▪ **SIKRINGSSONE**

- a) Frisiktsone H140
- b) Andre sikringssoner - tunnel, H190

▪ **FARESONE**

- a) Ras- og skredfare, H310
- b) Flomfare, H320
- c) Høgspenningsanlegg, H370
- d) Annan fare – steinsprang/steinsprut H390

▪ **SONE MED SÆRLEG GJEVNE OMSYN**

- a) Bevaring kulturmiljø, H570

§ 1.4 FØRESEGNSOMRÅDE

Innafor planområdet er følgjande føresegnsområde fastsett, jf. § 12-7, NR. 2

▪ **MIDLERTIDIG ANLEGG**

- a) Midlertidig rigg- anlegg og deponiområde, RAD

§ 2 FELLESFØRESEGNER

§ 2.1 Generelt

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor område Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. §12-5, nr. 2), vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som t.d. grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegføremål vil fråvike noko frå det som går fram av føremålgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresettt brukt som tilstøytande føremål.

Ved større avvik frå føremålgrensene som vist i planen vil det vere trong for å søke om løyve etter plan- og bygningslova (§ 20-1 bokstav m), eventuelt dispensasjon frå lova, eller gjennomføre mindre endring av reguleringsplanen etter plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd. Om fråviket frå reguleringsplanen er så betydelig at det krev løyve etter pbl. § 20-1 bokstav m eller mindre endring av reguleringsplan avgjerast av kommunen.

Kommunen kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen og/eller desse reguleringsføresegnene.

Etter at reguleringsplanen, med tilhørende reguleringsføresegner er stadfesta, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføresegnene. Før anlegg vert sett i verk, skal det liggje føre byggeplan etter Statens vegvesen sin standard.

§ 2.2 Utforming og estetiske krav

Arkitektonisk kvalitet og heilskap skal vektleggast i prosjektet. Prinsipp for utforming av sideareal og revegetering skal gå fram av byggeplan. Eksisterande vegetasjon skal så langt råd er, takast vare på.

Utforming og materialval knytt til tekniske anlegg og -element, skal gå fram av plan og teikningar. Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal vurderast opp mot kringliggande terreng og landskapselement. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samstundes med resten av anlegget.

§ 2.3 Støy

Anbefalingane i T-1442/2012 *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* og rettleiaren til denne (*TA-2115*), skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar, overhaldast.

§ 2.4 Luftforureining

Anbefalingane i T-1520/2012 *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging*, skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar, overhaldast.

§ 2.5 Forureining av jord og vatn

Driftsvatn frå tunnelldriving skal resirkulerast for å minimere utslepp i vassdraga. Vassdraga skal ikkje tilførast slam eller finstoff i perioden med rogn eller plommeyngel i grusen. Krav til utslepp i anlegg- og driftsfase må avklarast med Fylkesmannen.

Det må ikkje tilførast jordmasse som inneheld framande skadelege planteartar. Primært skal stadeigen jordmasse ivaretakast og nyttast innan planområdet.

§ 2.6 Universell utforming

Prinsipp om universell utforming skal leggast til grunn ved utforming av trafikkanlegg, slik at det kan nyttast på like vilkår, av så mange som mogleg.

§ 2.7 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) frå start av prosjekteringsfasen.

§ 2.8 Ytre miljøplan

Det skal utarbeidast en plan for ytre miljø (YM-plan) frå start av prosjekteringsfasen.

§ 2.9 Sikring av kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid eller annen verksemd i planområdet kjem fram automatisk freda kulturminne, må arbeid straks stansast og Hordaland Fylkeskommune v/fylkeskonservatoren få melding for ei nærare granskning på staden, jf. Kulturminnelova § 8.2 ledd.

§ 2.10 Rekkfølgekrav

Før det vert sett i gang arbeid nært opp til 22kV høgspenteledning må mellombels omlegging avklarast med BKK. Ved arbeid nært opp til omsynssone (15 meter frå ytterkant av omsynssone) skal også BKK kontaktast, jf. § 7.2 bokstav c.

§ 2.11 Undersøkningskrav

Det skal utarbeidast eit overvåkingsprogram. Status for vasskvalitet, ungfisk og gytegroper i Eikefet- og Romarheimselva, og grunnvasstand i Kvamsvatnet, skal

undersøkast før, undervegs og etter anleggsarbeidet.

Lokalitet med forureina grunn skal undersøkast jf. *Forureiningsforskrifta* kap.2 § 2.4

§ 3 BYGNINGAR- OG ANLEGG

§3.1 Industri (I1-5)

I1 er framtidig resttunnel frå dagens E39. Bruk av tunnel skal til ei kvar tid vere godkjent og i samsvar med avtale med Statens vegvesen.

I2 – I5 kan nyttast til produksjonsanlegg for steinbrot/pukkverk og lagring av massar. Grad av utnytting skal ikkje overstige %BRA= 50 %. Bygg kan tillatast oppført med gesimshøgde inntil 16 meter. For spesialinnretningar som kranar, siloanlegg, tankar og liknande vert det ikkje sett krav til maksimal høgde. Minste tilleten avstand til offentleg veg er 15 meter frå senterline og gjeld for alle bygg samt for sand- og grusdungar. Eksisterande tunnel for transportband under E39 skal oppretthaldast. Det skal setjast opp gjerde i grensa mellom I3 og annan veggrunn. Dersom drifta opphøyrer, skal området ryddast for maskiner, utstyr, skrapmassar og liknande. Bygningar knytt til drifta skal fjernast, dersom dei ikkje kan inngå i ny bruk.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

I området skal det etablerast samferdselsanlegg med veger, bruer, tunneler og fortau. Området omfattar areal for riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Anlegget skal utførast i samsvar med gjeldande statlege og kommunale vegnormer avhengig av vegklasse.

Ved opparbeiding av trafikkområda kan det gjerast justering av grensene mellom dei ulike trafikkformåla.

Eventuell deponering i det nye veganlegget av masser som ligg under eksisterande veg skal handteras i tråd med *Forureiningsforskrifta* kap.2 § 2.4

For riks, fylkes- og kommunale veger gjelder veglovens føresegn.

§ 4.1 Veg (o_V1-4 og f_V1-3)

Områda skal nyttast til vegformål. Veg skal utformast i samsvar til vegnormalene. Avkjørsler er vist med avkjørselspil i plankartet.

o_V skal være offentleg.

Område o_V som ligg under bakken (Vertikalnivå 1) skal nyttast til veg i tunnel. Innanfor volumet regulert under terreng har Statens vegvesen rett til å anlegge og drifte tunnel og nisjar. Havarinisjar o.l. kan få ei anna plassering enn det som er vist på plankartet.

f_V1-3 er fellesveg for gnr.221, bnr. 1 mfl.

§ 4.2 Fortau (o_FTA1)

Fortau skal opparbeidast som vist i planen og ferdigstillast samstundes med veganlegget. Alle fortau skal vere offentlege.

§ 4.3 Gang og sykkelveg (o_GS1-6)

Gang-/sykkelveg skal opparbeidast som vist i planen og ferdigstillast samstundes med veganlegget. Vegane skal ha fast dekke. Alle gang- og sykkelvegar skal vere offentlege.

§ 4.4 Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_VT1 - o_VT4)

Annan veggrunn - tekniske anlegg omfattar veggrunn som er nødvendig for å ivareta tunnelen sin funksjon, utanom sjølve køyrebane.

I samband med tunnelane kan det byggast master med antenner for telekommunikasjon med tilhøyrande anlegg. Mastene skal ha maksimal høgde på 15 m, og skal ha en farge slik at dei ikkje skil seg ut frå omgjevnadane.

§ 4.5 Annan veggrunn – grøntarealer (o_VG1-24)

Annan veggrunn - grøntareal omfattar veggrunn som er nødvendig for å ivareta vegens etablering og funksjon, utanom sjølve trafikkarealet. Dette inkluderer areal for sikring av eksisterande vegetasjon og område for revegetering.

I den utstrekning det er nødvendig for drift av veganlegget kan det i desse områda etablerast mindre tekniske bygg og transformatorioskar på inntil 10 kvm BRA med maksimal høgde på 3,0 meter.

Ved tunnelmunningane kan det etablerast oljeutskillar og sedimenteringsbasseng under bakken for tunnelvaskevatt.

Innanfor områda kan det oppførast vegskilt, lysmaster og andre innretningar for drift og vedlikehald av veganlegga. Det kan etablerast konstruksjonar, støyvollar, viltgjerde og andre nødvendige installasjonar. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte, i samsvar med byggeplan, jf. § 2.2.

§ 4.6 Leskur/plattformtak (o_LS1-4)

Innanfor området kan det oppførast leskur/plattformtak.

§ 4.7 Parkering (o_P1-2)

Prinsipp for parkeringsløyising vist i plan ved kryssområde i Eikefet og Romarheim skal overhaldast. Detaljering vil gå fram av byggeplan.

§ 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT

§ 5.1 Landbruks-, natur- og friluftsmål, LNF1-12

Areal kan nyttast til landbruk, natur og friluftsliv.

Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) som vert nedbygd, skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksføremål. Det skal gjerast greie for handtering av jordressursane jf. § 2.7. Eventuell nydyrking må avklarast i samsvar med ”Forskrift om nydyrking”.

Vegeigar skal i den utstrekning det er trong for det, ha tilkomst gjennom områda for inspeksjon, drift og vedlikehald.

§ 5.1.1 Landbruksvegar knytt til jordbruks- og skogbruksareal skal tilbakeførast, ev. skal det opparbeidast nye.

§ 5.1.2 Det skal sikrast trygg passasje for beitedyr og vilt.

§ 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

For all handtering av vatn skal det arbeidast etter vassressurslova og forureiningslova sine føresegn og direktiv, inkludert *Forskrift om rammer for vassforvaltninga*.

§ 6.1 Naturområde i sjø med tilhøyrande strandsone NSS1-2

Eikefetelva er verna vassdrag. Det skal generelt ikkje gjerast inngrep her.

Fundamentering for bru i Eikefetelva vert tillete, og plastring av skråning enkelte stader. Der E39 kryssar Eikefetelva skal brupilarane plasserast slik at det oppstår minst mogleg tilstopping av elva ved flaum og slik at erosjon vert minst mogleg. Alt anleggsarbeid i vassdraget skal skje frå nordaust.

Tiltak i elva skal utførast på ein slik måte at ulempene for gyteoppgang og smoltutvandring blir minst moglege. Det skal i størst mogleg grad leggest til rette for å gjere aktuelle tiltak i sumarsesongen.

§ 6.2 Kombinerte føremål i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (natur- og friluftsområde) VK1

Det skal ikkje gjerast inngrep i natur- og friluftsområde i vassdrag.

Tiltak i elva skal utførast på ein slik måte at ulempene for gyteoppgang og smoltutvandring blir minst moglege. Det skal i størst mogleg grad leggest til rette for å gjere aktuelle tiltak i sumarsesongen.

§ 7 OMSYNSSONER

§ 7.1 Sikringssone

a) Frisiktsoner (H140)

I frisiktsoner skal det vera fri sikt i ei høgde på 0,5 meter over tilgrensande vegars plan, jf. Veglova.

b) Andre sikringssoner-tunnel (H190)

Sikringssonen skildrar eit volum som går 50 meter til kvar side, 50 meter oppover og 50 meter under tunnellopa i hele deira lengde.

I sikringssonen kan det utførast normal verksemd i samsvar med reguleringsføremålet. Alle tiltak som kan påverka tunnelen skal godkjennast av Statens vegvesen.

§ 7.2 Faresone

a) Ras- og skredfare (H310)

I desse faresonene kan det førekome ras og skred. Det er difor ikkje tillete å gjere tiltak som kan påverke stabiliteten i dei sensitive massane utan å gjere naudsynte geotekniske utrekningar og tiltak. Søknad om tiltak i faresonen skal leggest fram for Norges vassdrags- og energidirektorat til uttale.

b) Flaumfare (H320)

I desse faresonene kan det skje overfløyning/flaum ved kraftig nedbør og/eller snøsmelting. Det er difor ikkje tillete å oppføre bygningar eller konstruksjonar i faresonene utan at desse er dimensjonerte for å tåle ein 200-års flaum i Eikefetelva. Søknad om tiltak i faresonene skal leggest fram for Norges vassdrags- og energidirektorat til uttale.

c) Høgspenning (H370)

Det er byggjeforbod innafor omsynssona. Byggjeforbodet langs kraftleidning er 30 meter, 15 meter målt horisontalt til kvar side frå senter av leidning.

Ved arbeid nært opp til omsynssonen (15 meter frå ytterkant av omsynssone) skal BKK kontaktast.

d) Annan fare - steinsprut (H390)

Området har ei teoretisk fare for steinsprang og/eller steinsprut frå steinbrotet. Steinknuseverket har krav til å utføre risikoreduserande tiltak, og området skal vere omfatta av driftsplan for steinknuseverket. Sprengstein eller blokker skal ikkje verte liggande i skjermsona, slik at dei etter kommunen sitt skjønn kan vere til fare for almen ferdsel.

§ 7.3 Sone med særleg gjevne omsyn

Bevaring kulturmiljø (H570)

Før det vert sett i gang tiltak etter reguleringsplanen, skal det innhentast uttale frå Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren på korleis ein skal sikre og ivareta området kring gangbrua i gjennom anleggsperioden.

Dersom det er aktuelt å utføre tiltak som vil medføre fysiske endringar på gangbrua, skal det takast kontakt med Hordaland fylkeskommune for vurdering.

§ 8 FØRESEGNSOMRÅDE

§ 8.1 Mellombels rigg-, anlegg - og deponiområde (RAD1-4)

Desse områda kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Områda kan også nyttast som mellombelse omkjøringsvegar, anleggsområde inkl. riggplass, anleggsvegar og mellombels lagerplass for bygningsmateriell, maskiner og brakker så lenge anleggsarbeida er i gang. Anleggs- og riggområda skal sikrast med inngjerding og skal framstå som ryddige og vere minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Vidare vert det tillete naudsynt terrengarbeid, mellomlagring av masser og avdekking av lausmasser, jf. § 2.7.

Etter avslutta anleggsperiode og seinast innan 2 år etter vegopning skal området vere tilbakeført og revegetert, i samsvar med byggeplan. Areal skal tilbakeførast til opphavleg eller betre stand.

Det skal sikrast ei forsvarleg handtering og sikring av overflatevatn frå massedeponia.

Knarvik, 08.01.2015 (jf kommunestyrevedtak 27.11.2014)